

Saksframlegg

Vår ref. 25/607 - 24
Saksbehandler Sven Sandvik
Dato 19.01.2026

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
26/16	Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	03.03.2026
26/12	Kommunestyret	05.03.2026

Lovlegheitskontroll på vedtak i klagesak - dispensasjon frå kommunedelplan Sirdal sør - Marianne Sinnes Hana

Forslag til vedtak

Sirdal kommune opprettheld vedtaket i sak PS 25/91, behandla i utval for teknikk, landbruk og miljø den 09.12.2025. Saka vert i tråd med kommunelova § 27-1 sendt til Statsforvaltaren i Agder for lovlegheitskontroll.

Samandrag

Det er reist krav om lovlegheitskontroll av vedtak i klagesak PS 25/91, behandla i utval TLM den 09.12.2025. Kommunedirektøren har i lys av kravet gått gjennom og vurdert saka etter kommunelova sine reglar om lovlegheitskontroll. Kommunedirektøren anbefalar kommunestyret å oppretthalde vedtaket og oversende saka til Statsforvaltaren i Agder for lovlegheitskontroll.

1. Bakgrunn

Leiar for utval for teknikk, landbruk og miljø, Henning Sinnes (AP) og tre medlemmar av kommunestyret – Siri Ovedal (AP), Stein Ivar Sinnes (AP) og Andreas Netland (AP) – har kravd lovlegheitskontroll av vedtak gjort i sak PS 25/91 «41/18 - Klagesak - Søknad om dispensasjon fra kommunedelplan Sirdal sør - Marianne Sinnes Hana» som vart behandla i utval for teknikk, landbruk og miljø den 09.12.2025.

Kravet vart sendt til Statsforvaltaren den 23.12.2025 med Sirdal kommune som kopimottakar. Statsforvaltaren oversendte kravet til Sirdal kommune den 12.01.2026.

I oversendinga er det vist til kommunelova § 27-1 der det går fram at krav om lovlegheitskontroll skal setjast fram for det organet som har gjort vedtaket. Dersom organet opprettheld vedtaket, skal saka sendast til Statsforvaltaren.

Kommunestyret kan som øvste organ i kommunen ta stilling til spørsmål om lovlegheit på vegne av underliggende organ. Saka vert lagt fram for kommunestyret då representantane som har kravd lovlegheitskontroll har bedt om dette.

Utval for teknikk, landbruk og miljø og kommunestyret har høve til å omgjere vedtaket så fremt dette skjer innanfor forvaltningslova sine reglar om omgjerings. Saka vert i så høve ikkje sendt til Statsforvaltaren for kontroll.

Statsforvaltaren har ved lovlegheitskontroll ikkje høve til å omgjere vedtaket, berre oppheve det dersom ein kjem fram til at det er ugyldig.



Kommunestyret sitt fleirtal kan ikkje nekte tre eller fleire kommunestyremedlemmar å få sitt krav om lovlegheitskontroll oversendt til Statsforvaltaren ved å legge til grunn at vilkåra for klage ikkje er oppfylt.

2. Heimelsbakgrunn

Reglane om lovlegheitskontroll er å finna i *lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)* kappittel 27.

§ 27-1.Lovlighetskontroll

Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen kreve at departementet kontrollerer om et vedtak er lovlig. Et slikt krav må fremmes innen tre uker fra vedtaket ble truffet. Fristreglene i forvaltningsloven § 30 gjelder. Kravet skal settes fram for det organet som traff vedtaket. Hvis organet opprettholder vedtaket, skal saken sendes til departementet.

Hvis særlige grunner tilsier det, kan departementet på eget initiativ kontrollere om et vedtak er lovlig.

§ 27-2.Hva som kan lovlighetskontrolleres

Følgende kan lovlighetskontrolleres:

- endelige vedtak som er truffet av et folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjonen
- vedtak om et møte skal holdes for åpne eller lukkede dører
- vedtak som gjelder spørsmål om inhabilitet.

Følgende kan ikke lovlighetskontrolleres:

- andre prosessledende avgjørelser enn de som er omtalt i første ledd bokstav b og c
- vedtak om ansettelse, oppsigelse eller avskjed
- spørsmål om et vedtak er i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av lov om offentlige anskaffelser.
- avgjørelse om kommunestyrevalget eller fylkestingsvalget er gyldig, jf. valgloven § 15-2 første ledd og § 15-3 første ledd.

§ 27-3.Innholdet i lovlighetskontrollen

Ved lovlighetskontroll skal departementet ta stilling til om vedtaket

- har et lovlig innhold
- er truffet av noen som har myndighet til å treffe et slikt vedtak
- har blitt til på lovlig måte.

Lovlighetskontrollen etter § 27-1 første ledd kan likevel begrenses til de anførsler som er tatt opp i saken. Ved lovlighetskontroll etter § 27-1 andre ledd bestemmer departementet omfanget av kontrollen.

Lovlighetskontrollen kan bare omfatte de offentlig-rettslige sidene ved vedtaket.

Departementet skal oppheve vedtaket hvis det er gjort feil som gjør det ugyldig.

Lovlighetskontroll fører ikke til at iverksettelsen av vedtaket utsettes. Følgende organer kan likevel bestemme at vedtaket ikke skal iverksettes før lovlighetskontrollen er gjennomført:

- organet som traff vedtaket
- et kommunalt eller fylkeskommunalt organ som er overordnet vedtaksorganet
- departementet.

3. Vurdering

Kravet om lovlegheitskontroll er underteikna av tre faste medlemmar av kommunestyret og innlevert innan fristen på tre veker frå vedtaket vart fatta. Vedtaket utgjer kommunen sitt siste formelle kontaktpunkt med saka og bør difor kunne vera gjenstand for lovlegheitskontroll.



Kommunal- og regionaldepartementet gav i 2013 ut ein vegleiar om lovlegheitskontroll etter kommunelova (H2299) som framleis er relevant.

I vegleiaren vert det vist til forarbeida til kommunelova der det går fram at reglane om lovlegheitskontroll er eit middel til å få avklart rettsleg tvil utan å måtte gå til domsstolane. Andre viktige grunnar for reglane er omsyn til rettstryggleik, fagleg kvalitet på forvaltningsavgjersler, omdømme til offentleg forvaltning og ivaretaking av grunnleggande nasjonale målsettingar.

Lovlegheitskontroll representerer ein sikkerheitsventil og eit supplement til andre klage- og kontrollordningar med kommunale vedtak. Dette tilseier at reglane vert brukt med ei viss varsemd.

Ved lovlegheitskontroll skal det takast stilling til om vedtaket:

1. har eit lovleg innhald
2. er gjort av nokon som har myndigheit til å gjere slikt vedtak
3. har blitt til på lovleg måte

Det er berre dei offentlegrettslege sidene ved vedtaket som er omfatta av kontrollen. Kontrollen kan avgrensast til dei merknadane som er teke opp i saka.

3.1 Kontroll av vedtaket sitt innhald

Det skal ved lovlegheitskontroll takast stilling til om avgjersla sitt materielle innhald er i samsvar med gjeldande lovfesta og ulovfesta rettsreglar. Tilgangen til overprøving ved lovlegheitskontroll svarer i hovudsak til domsstolane sin kontroll med forvaltningsvedtak. Hovudregelen er at kommunen sitt frie skjønn ikkje kan overprøvast.

Kommunedirektøren vurderer at kontroll av innhaldet i klagesaka til ein viss grad også føreset kontroll av innhaldet i det delegerte vedtaket som var gjenstand for klagebehandling.

3.1.1 Vedtaket

Vedtaket i sak PS 25/91 som er gjenstand for lovligheitskontroll lyder slik:

«Klage fremsatt av Per Henrik Liland i sak nr. 25/332 tas ikke til følge, jf. plan- og bygningsloven § 1-9. Vedtak i sak nr. 25/332 opprettholdes.

Avslaget er begrunnet med at klagen ikke inneholder nye momenter som ikke har vært vurdert tidligere, eller momenter som tilsier at klagen bør tas til følge.

I henhold til plan- og bygningsloven § 1-9, oversendes klagen til Statsforvalteren for endelig avgjørelse.»

3.1.2 Moment i kravet om lovlegheitskontroll

I grunnlaget for kravet om lovlegheitskontroll er det trekt fram moment knytt til både innhald, myndigheit og prosess. Moment som går på vedtaket sitt innhald er følgjande:

- Vilkåra for å gi dispensasjon synest ikkje vera oppfylt
- Vedtaket manglar konkret vurdering av om omsyn bak føreseigna det vert dispensert frå vert sett vesentleg til side
- Vedtaket manglar konkret vurdering av om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene
- Forvaltningsorganet sin utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17 er ikkje oppfylt då det ikkje er stilt krav om flaum- eller naturfareutgreiing
- Vedtaket kan skape uheldig presedens ved framtidig bygging langs vassdrag og svekke føremålet med byggeforbodet

3.1.3 Krav til innhald

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 1-9 *Forholdet til forvaltningsloven og klage.* § 1-9 viser i første avsnitt vidare til forvaltningslova: *«forvaltningsloven gjelder med de særlige bestemmelser som er gitt i denne loven»*. Forvaltningslova sine reglar om klage og omgjerung er å finne i forvaltningslova kapittel VI, §§ 28 - 36.



I forvaltningslova § 33, som omhandlar saksførebuing i klagesak, går det fram at forvaltningslova sine reglar i kapittel IV om saksførebuing ved enkeltvedtak og kapittel V om vedtaket gjelder. I nemnte kapittel i forvaltningslova er det stilt følgjande krav til vedtaket sitt innhald:

- underinstansen skal føreta dei undersøkingar klagen gjev grunn til og sjå til at saka er så godt opplyst som mogeleg
- dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje ligg føre, skal underinstansen avvise saka
- vedtaket skal grunngjevast
- det skal visast til reglane vedtaket bygger på
- dei faktiske tilhøva vedtaket bygger på skal nemnast
- hovudomsyna som har vore avgjerande ved utøving av forvaltninga sitt skjønn, bør nemnast

3.1.4 Vurdering av innhald i sak PS 25/91

I sak PS 25/91 er det innleiingsvis slått fast at klagen er mottatt innanfor klagefristen og vurdert at klagar er ein part med klagerett i saka.

Det er vist til § 11-9 nr. 5 i planføresegnene til kommunedelplan Sirdal sør og til plan- og bygningslova § 1-8 som det vart innvilga dispensasjon i frå. Det er vist til reglane i plan- og bygningslova § 21-6 om handtering av privatrettslege tilhøve. Det er vist til vurderingane av vilkåra for å gi dispensasjon som vart gjort i delegert vedtak nr. 25/332 etter plan- og bygningslova § 19-2. Delegert vedtak nr. 25/332 er også vedlagt klagesaka til informasjon saman med klaga og ein uttale frå tiltakshavar.

Merknadane i klaga er i saka gjennomgått og det er gjort ei vurdering av kva for moment som er dei viktigaste når ein skal ta stilling til klagen. Hovudomsyna som er trekt fram som avgjerande for avgjerla om å ikkje ta klaga til følgje er:

1. Kommunen skal som hovudregel ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved behandling av søknader om tillating.
2. Det framstår ikkje som openbart for kommunedirektøren at søkjar ikkje har dei privatrettslege rettane søknaden føreset.
3. Kommunedirektøren forhold seg til den konkrete dispensasjonssøknaden som har kome inn. Mogelegheita for plassering utanfor 50-metersbeltet vert difor ikkje nærare vurdert/vektlagt i klagesaka.

Kommunedirektøren vurderer at saka oppfyller forvaltningslova sine krav til innhald.

3.1.5 Privatrettslege tilhøve

Plan- og bygningslova § 21-6 lyder slik:

§ 21-6. Privatrettslige forhold

Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av søknad om tillatelse. En søknad skal avvises dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter. Dette gjelder likevel ikke når det er reist sak for jordskifteretten om det privatrettslige forholdet. Tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold. Kommunen kan fastsette frist for supplering av søknaden.

Forvaltningsloven kapittel VI om klage og omgjøring gjelder ikke for bygningsmyndighetenes avgjørelser om ikke å ta stilling til privatrettslige forhold.

Det ligg ikkje innanfor kommunen si rolle som plan- og bygningsmyndigheit å sjå til at privatrettslege avtalar vert haldne. Plasseringa til bygget kan vera i strid med tinglyste rettar sjølv om det er gitt dispensasjon frå kommunedelplanen. Dette går tydeleg fram av § 21-6: «*Tillatelse etter denne lov innebærer ingen avgjørelse av privatrettslige forhold*».

Føremålet med vurderingane som er gjort av den tinglyste avtalen i både dispensasjons- og klagesaka er å få avklart om søknaden burde ha vore avvist. Vilåret er at det må framstå som «åpenbart» at søkjar ikkje har nødvendige privatrettslege rettar. Kommunal- og distriktsdepartementet har i ein tolkingsuttale gitt den 10.09.2020 forklart vilåret slik:



«Vilkåret om at det må være «åpenbart», innebærer at det er høy terskel for å avvise en søknad. Bygningsmyndighetenes saksbehandling er ikke innrettet mot å avklare kompliserte privatrettslige spørsmål. Det følger av forarbeidene at avvisning skal forbeholdes de helt åpenbare tilfellene, for eksempel der det framgår klart av offentlige registre, dommer, avtaler eller at tiltakshaver ikke har rådighet over eiendommen som søknaden gjelder.»

Kommunedirektøren vurderer at anvendinga av reglane knytt til privatrettslege tilhøve er korrekt.

3.1.6 Alternativ plassering

Bygget kunne, i høve merknad til nabovarsel og klage på dispensasjonsvedtaket, vore plassert utanfor 50-metersbeltet. I dispensasjonsbehandlinga vurderte kommunedirektøren at tiltakshavar si plassering var akseptabel, at det ville vera vanskeleg å trekke bygningen lenger vekk fordi grunnen består av myr/skog og at ei alternativ plassering ville kunne innebera større terrenginngrep og nedbygging av natur.

I klagen på dispensasjonsvedtaket er det vist ein alternativ situasjonsplan der bygget er plassert på same arealtype (open fastmark) 50 m frå vassdraget. I klagen vert det opplyst at grunnen her allereie er opparbeida slik at den alternative plasseringa ikkje vil medføre større terrenginngrep eller nedbygging av natur.

Det vert ikkje gjort noko nærare vurdering av mogelegheita for plassering utanfor 50-metersbelte i klagesaka, men konstatert at «kommunedirektøren forholder seg til den konkrete dispensasjonssøknaden som er kommet inn».

Her kan det diskuterast om kommunen som underinstans har gjort dei undersøkingane klagen gjev grunn til. Dersom eit tiltak kan gjennomførast utan dispensasjon gjennom alternative plasseringar eller tilpassingar/reduksjon, vil dette kunne vera eit relevant moment i kommunen si interesseavveging.

I dette tilfellet har ein i vurderingane som er gjort ikkje funne at plasseringa er i konflikt med omsyn 50-metersbeltet skal ivareta. Behovet for å få opplyst alternativ er difor ikkje like stort som det ville ha vore i saker der omsyna vert utfordra.

Kommunedirektøren vurderer at undersøkingane som er gjort i saka er tilstrekkelege.

Kommunedirektøren har under overskrift 3.1.11 *Vurdering av fordeler og ulemper* teke omsyn til at det er usikkerheit knytt til alternative plasseringar ved å legge lite vekt på fordelene knytt til at ein unngår nedbygging av natur.

3.1.7 Vilkåra for å gi dispensasjon

Plan- og bygningslova § 19-2 opnar for at kommunen kan gi dispensasjon dersom vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylte. Vurderinga av vilkåra er ikkje fritt skjønn, men rettsanvendingskjønn som kan prøvast fullt ut av domstolane og dermed også fullt ut i ein lovlegheitskontroll.

Plan- og bygningslova § 19-2 lyder slik:

§ 19-2. Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.

Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

Departementet kan i forskrift gi regler for omfanget av dispensasjoner og fastsette tidsfrist for behandling av dispensasjonssaker, herunder fastsette tidsfrist for andre myndigheters uttalelse i dispensasjonssaker og gi regler om beregning av frister, adgang til fristforlengelse og konsekvenser av fristoverskridelse.



Vilkåra lova stiller er følgand:

- omsyn bak føresegna det vert dispensert frå kan ikkje setjast vesentleg til side
- omsyn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova kan ikkje setjast vesentleg til side
- nasjonale eller regionale interesser kan ikkje setjast vesentleg til side
- fordelane ved å gi dispensasjon må vera klart større enn ulempene

Alle vilkåra må vera oppfylt for at kommunen skal kunne gi dispensasjon. I vurderinga skal det leggst særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, jordvern, sikkerheit og tilgjengelegheit.

3.1.8 Vurdering av omsyn bak føresegnene det vert dispensert frå

I saksutgreiinga til dispensasjonsvedtaket går det fram at § 11-9 nr.5 i planføresegnene bygger på plan og bygningslova § 1-8 som har til føremål å ivareta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Kommunedirektøren finn at det er gjort konkrete vurderingar av omsyna bak føresegnene. Ein har ikkje funne at tiltaket er i konflikt med nokon av omsyna.

Omsyn til landskap, friluftsliv og allmenne interesser er i saksutgreiinga vurdert under overskrift 3.1.1. *Landskap, friluftsliv og allmenne interesser*. Omsyn til naturmiljø er vurdert under overskrifta *Naturmangfoldloven* og elles ulike stader i saksutgreiinga ved omtale av tiltaket si plassering. Omsyn til kulturmiljø er vurdert under overskrift 3.1.3 *Kulturmiljø og kulturminner*. Under overskrift 7. *Konklusjon*: er det konkludert med at nemnte omsyn ikkje vert sett vesentleg til side.

Kommunedirektøren meiner vurderingane som er gjort er tilstrekkelege til å slå fast at omsyn bak føresegnene ikkje vert sett vesentleg til side.

Kommunedirektøren vurderer at vilkåret er oppfylt.

3.1.9 Vurdering av omsyn i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova

Under overskrift 7. *Konklusjon*: går det fram at kommunedirektøren har vurdert at omsyn i lova sin føremålsparagraf ikkje vert sett vesentleg til side.

Føremålsparagrafen til plan- og bygningslova lyder slik:

§ 1-1. Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene. For boliger skal prinsippet om universell utforming ivaretas gjennom krav til tilgjengelighet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er hensiktsmessig at ein i alle dispensasjonssaker konkret går gjennom og vurderer alle omsyn nemnt i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova. Det bør vera tilstrekkeleg at ein går nærare inn på enkeltomsyn i føremålsparagrafen i dei tilfella dispensasjonen inneheld moment ein vurderer å vera i konflikt med desse, slik at ein får avklart om det er tale om ei vesentleg tilsidesetting, eller ikkje.



Omsyna i føremålsparagrafen er gitt på eit overordna, generelt nivå. Ein vil på ulike måtar difor vera innom fleira av omsyna gjennom vurderingane som vert gjort i saksutgreiinga. Eit eksempel på dette er vurderingar knytt til naturmiljø som inngår i føremålsparagrafen sitt overorda omsyn til berekraftig utvikling. Eit anna eksempel er vurderingane gjort under overskrift 5. *Konsekvenser for barn og unge*.

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det er særskilde moment ved denne saka som tilseier at den er i konflikt med omsyn i føremålsparagrafen. Kommunedirektøren meiner at vurderingane som er gjort er tilstrekkelege.

Kommunedirektøren vurderer at vilkåret er oppfylt.

3.1.10 Vurdering av nasjonale og regionale interesser

Hovudregelen om eit ubygd belte på 50 meter inntil vatn og vassdrag i planføresegnene § 11-9 nr. 5 er i seg sjølv ikkje ei nasjonal eller vesentleg regional interesse. Det nasjonale forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet etter plan- og bygningslova § 1-8 andre ledd omfattar berre 100-metersbeltet langs sjøen.

Eksempel på nasjonale og vesentlege regionale interesser langs vassdrag er kantvegetasjon, verneområde, naturmiljø (truga og utvalde naturtypar og artar), landbruksareal, landskap (utvalde kulturlandskap, landskap av vesentleg regional eller nasjonal verdi), samfunnssikkerheit (skred, ras, flaum), forureining, friluftsliv, barn og unge og folkehelse.

Dispensasjonssøknaden vart sendt på høyring til Agder fylkeskommune og Statsforvaltaren i Agder. Statsforvaltaren uttala følgjande: «*I lys av de nasjonale og vesentlige regionale interesser vi er satt til å ivareta, har vi ingen merknader til omsøkte tiltak*». Agder fylkeskommune uttala seg ikkje til søknaden.

Under overskrift 7. *Konklusjon*: går det fram at kommunedirektøren har vurdert at ein dispensasjon ikkje set nasjonale eller regionale interesser vesentleg til side.

Kommunedirektøren vurderer at vilkåret er oppfylt.

3.1.11 Vurdering av fordeler og ulemper

Vurderinga av fordeler og ulemper er i saksframstillinga i dispensasjonssaka gjort som eit ledd i vurderinga etter kommunen sitt frie skjønn under overskrift 3.2. *Kan-vurdering*. At fordelane ved å gi dispensasjon skal vera klart større enn ulempene er eit av vilkåra som må vera oppfylt for at kommunen skal kunne gi dispensasjon. Dette er ikkje fritt skjønn, men rettsanvendingsskjønn som kan prøvast fullt ut av domsstolane og fullt ut i ein lovlegheitskontroll.

I saksframstillinga er det vurdert som ein fordel at ei sag plassert på den aktuelle staden vil kunne bidra til ei hensiktsmessig forvaltning av skogen, sjølv om det er tale om ei sag i liten skala.

Det er vurdert som ein fordel at ein unngår nedbygging av meir natur ved å plassere saga på eit område som allereie er planert ut.

Det er vurdert som ei ulempe at tiltaket føreset at det vert gjort unntak frå planføresegna sin hovudregel om eit ubygd belte på 50 meter inntil vatn og vassdrag.

Det er vurdert som ei ulempe at bygningen ligg innanfor aktsemdsområder for flaum- og skred.

Det går ikkje fram av vurderinga korleis dei nemnte fordelane og ulempene er vektlagt, berre at fordelane samla sett er vurdert som klart større enn ulempene.

Søk i arkiva syner at skogsbilvegen (Bruåsvegen 1) fekk eit statleg tilskot på 40 % av godkjente kostnader i 1989 med grunnlag i ein budsjettert byggekostnad på kr 180 000,-. Tilskotet er fordelt på tre eigarar i området etter prosentfordeling på eigarskap i veggen.

Ein finn ikkje at det konkret står skrive at tilskotet gjeld for snu- og opplagsplassen, men det er rimeleg å legge dette til grunn då det ikkje er logisk å bygge ein skogsbilveg utan å legge til rette for lagring og snuing. Når det vert gitt statleg tilskot til skogsvegbygging vert det dessutan stilt vilkår til utforming av vegtekniske tilhøve, m.a. breidde, grøfter snuplassar.



Føremålet med statlege tilskott til skogsvegbygging har gjennom tidene vore å legge til rette for ei samfunnstenleg utnytting av skogressursane til beste for lokal, regional og nasjonal verdiskaping.

Skogfagleg er det viktig at opplags- og transportsystema er så godt tilrettelagde som råd for å gi best mogeleg samfunnsnytte frå skogbruket. Under tømmerdrifter er det viktig å ha god plass til mellomlagring av utkøyrd tømmer frå skogen for henting til sagbruk / industri.

Snu- og opplagsplassen vart synfart av kommunen sin landbruksrådgjevar og plan- og miljøkonsulent den 02.02.2026.

Kommunen si skogfaglege vurdering er at bygget si plassering reduserer mogelegheita for mellomlagring av tømmer og utfordrar optimale snuplassfasilitetar for tømmervogntog. For skogbruksinteressene i området hadde det vore betre om sagbruket var plassert utanfor allereie opparbeidd snu- og opplagsplass for tømmeret.

At bygget er ei sag og såleis har tilknytning til skogsdrift er ikkje i seg sjølv eit viktig argument. Av dispensasjonssøknaden går det fram at saga skal brukast til hobbysaging. Søk i økonomisystemet for skogordningane bekreftar at saga så langt ikkje har bidrege til verdiskaping i skogbruksnæringa. Det vert i søknaden opplyst at eigar, som er ufør, har stor glede av saga. Kommunedirektøren anerkjenner og konstaterer at dette er ein fordel, men vurderer ikkje at det kan vektleggast i dispensasjonsvurderinga. Arealbruken vert fastsett i eit langsiktig perspektiv, medan eigedomstilhøve kan vera skiftande. Personlege tilhøve knytt til den enkelte tiltakshavar vil difor normalt ha lite vekt i ei dispensasjonsvurdering.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre finn kommunedirektøren ikkje at det er grunnlag for å legge vekt på oppføringa av saga på snu- og opplagsplassen som ein fordel for skogbruket. Kommunedirektøren vurderer snarare dette som ei ulempe.

Kommunedirektøren legg til grunn at det framleis vil vera mogeleg å bruke snu- og opplagsplassen ved tømmerdrift, sjølv om det ville vore meir optimalt for tømmerdrifta med betre plass. Kommunedirektøren legg vidare til grunn at reglane om lovlegheitskontroll bør brukast med ei viss varsemd. Dette tilseier at ein bør legge seg på ei konservativ linje i vurderingar som utfordrar lovlegheita til kommunen sitt vedtak. Kommunedirektøren vel ut frå dette å vekte ulempa for skogbruket som ei lita ulempe.

Den andre fordelen som er vurdert, knytt til at ein unngår nedbygging av natur ved å plassere bygningen på eit område som allereie er planert ut, føreset at alternative plasseringar fører til nedbygging av natur. Kommunedirektøren finn ikkje at opplysningane som er gitt i saka gjev tilstrekkeleg grunnlag til å slå fast at alternative plasseringar vil medføre nedbygging av natur. Kommunedirektøren meiner dette tilseier at dette ikkje kan vektast som meir enn ein liten fordel.

Når det gjeld dei to ulempene som er vurdert i saksframstillinga – knytt til plasseringa i 50-metersbelte og aktsemdsområder for flaum og skred – er kommunedirektøren samd i kategoriseringa som ulemper, men finn ikkje at det er grunn til å legge vekt på desse.

Byggeforbodet i 50-metersbeltet til vatn og vassdrag i kommunedelplan Sirdal sør er fundert i plan- og bygningslova § 1-8 femte ledd der det står følgjande:

«For områder langs vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser, eller for vassdragets kapasitet, skal kommunen i kommuneplanens arealdel etter § 11-11 nr. 5 vurdere å fastsette grense på inntil 100 meter der bestemte angitte tiltak mv. ikke skal være tillatt.»

Kommunen vart i etterkant av vedtaket av kommunedelplan Sirdal sør merksam på at det generelle byggeforbodsbeltet i planen ikkje er i tråd med § 1-8 då det etter lova berre er «bestemte angitte tiltak mv» som ikkje skal vera tillat. I kommunedelplan Sirdal nord er byggeforbodsbeltet ikkje generelt, men knytt opp til bestemte tiltak. Alminnelege driftsbygningar, dyrking og vegar i tråd med formål LNF er ikkje omfatta av byggeforbodsbeltet i kommunedelplan Sirdal nord.

Det er i vårt tilfellet tale om eit byggverk som ikkje ville kravd dispensasjon frå byggeforbodet i 50-metersbeltet i kommunedelplan Sirdal nord og som i dispensasjonssaka er vurdert å ikkje vera i konflikt med omsyn bak byggeforbodet. Kommunedirektøren vurderer difor at det ikkje bør leggst vekt på denne ulempa.

Kommunedirektøren finn ikkje at dispensasjonsvedtaket set presedens for framtidige dispensasjonssaker knytt til tiltak i 50-metersbeltet til vatn og vassdrag. Ein oppfattar at vedtaket er i tråd med gjeldande praksis i kommunen.



Når det gjeld plasseringa av bygget i aktsemdsområde for flaum og skred vil kommunedirektøren understreke at krav til sikker byggegrunn i plan- og bygningslova § 28-1 framleis er gjeldande. Det er ikkje gitt dispensasjon frå krava. Tiltakshavar har ansvar for at bygget vert plassert, prosjektert og utført slik at ein oppnår tilfredsstillande sikkerheit mot skade eller vesentleg ulempe frå naturpåkjenningar etter krav i teknisk forskrift (TEK-17).

Sikkerheitsklasse for flaum og skred er i dette tilfellet fastsett til lågaste sikkerheitsklasse (F1 og S1) fordi det er tale om eit bygg der personar normalt ikkje vil opphalda seg over lengre tid og der dei økonomiske og samfunnsmessige konsekvensane av skader knytt til flaum eller skredhendingar vil vera relativt små.

Bygget ligg ikkje innanfor omsynssone for ras- og skredfare i kommunedelplan Sirdal sør der det er stilt krav om fagkunnig vurdering. For bygg i lågaste sikkerheitsklasse som ligg utanfor omsynssonen, men likevel innanfor aktsemdsområde for flaum og skred, har kommunen så langt ikkje lagt seg på ei linje der ein har stilt krav om fagkunnig vurdering av alle tiltak. Det vert for desse bygningane gjort skjønnsmessige vurderingar frå sak til sak knytt til behovet for dokumentasjon.

Tiltakshavar har i dispensasjonssøknaden gjort greie for sin vurdering av flaumrisiko og konsekvens. Det går fram at plassen bygget står på ikkje har vore råka av flaumvatn i manns minne (ca. 70–80 år), heller ikkje under Synne flaumen i 2015. Det går fram at saga er plassert 1 m over bakken og at bygget er av enkel konstruksjon utan nemneverdig økonomisk verdi. Krav til sikker byggegrunn etter plan- og bygningslova § 28-1 er vurdert konkret i dispensasjonssaka og det er konkludert med at flaum- og skredfaren er akseptabel. Gitt at denne konklusjonen er korrekt, finn kommunedirektøren ikkje at det er grunn til å vektlegge ulempa knytt til at bygget er plassert innanfor aktsemdsområder for flaum og skred.

Dersom Statsforvaltaren skulle komme fram til at det er behov for meir opplysningar knytt til flaum- og skredfare i denne saka, eller at kommunen sin praksis der ein ikkje har stilt krav om fagkunnig utgreiing av alle tiltak i aktsemdsområda ikkje er akseptabel, vil det framleis vera høve til å rette dette opp i byggesaka.

Ut frå dei opplysningane som ligg føre og etter prøving av skjønnet i vurderinga av fordelar og ulemper har kommunedirektøren kome fram til følgjande vekting:

Fordelar:

- Plasseringa unngår nedbygging av natur (liten vekt).

Ulemper:

- Plasseringa reduserer mogelegheita for mellomlagring av tømmer og utfordrar optimale snuplassfasilitetar for tømmervogntog (liten vekt).
- Plassering i 50-metersbeltet (ikkje vektlagt).
- Plassering innanfor aktsemdsområder for flaum og skred (ikkje vektlagt).

Kommunedirektøren har, som gjennomgangen ovanfor syner, korkje funne tungtvegande fordelar eller ulemper knytt til å gi dispensasjon i denne saka.

Kommunedirektøren vurderer det som usikkert om fordelane er klart større enn ulempene. Når det ligg lite i vektsskålene, skal det også lite til for å vippe vekta den eine eller andre vegen.

Kommunedirektøren let usikkerheita komme vedtaket som er under kontroll til gode og vurderer difor at vilkåret er oppfylt.

3.2 Kontroll av myndigheit til å gjere vedtak

Det skal ved lovlegheitskontroll takast stilling til om organet som gjorde vedtaket hadde myndigheit til å gjere slikt vedtak.

Organet som fatta vedtaket i sak PS 25/91 – utval for teknikk, landbruk og miljø – er etter kommunen sitt delegasjonsreglement delegert fullmakt til å gjennomføre «*Vedtak/gjøre mål etter plan- og bygningsloven med forskrifter, så langt dette kan delegeres fra kommunestyret*». I dette inngår også myndigheit til å gjere vedtak som underinstans i klagesak etter plan- og



bygningslova § 1-9. Utvalet er etter delegasjonsreglementet også delegert myndighet til «Avgjørelse av prinsipielle spørsmål innenfor sitt arbeidsområde».

I kravet om lovlegheitskontroll er det gitt uttrykk for at dispensasjonssaka burde ha vore behandla politisk fordi ein meiner saka er av prinsipiell tyding.

Kommunedirektøren behandla dispensasjonssaka som ei delegert sak fordi ein vurderte at den låg innanfor myndighet delegert til kommunedirektøren i sak 18/20 behandla av kommunestyret den 22.03.2018. I vedtaket går det fram at utval TLM vidaredelegerer myndighet etter plan- og bygningslova § 19-2 og 3 til å «vedta dispensasjoner fra kommuneplanen, kommunedelplaner og reguleringsplaner for tiltak av ikke prinsipiell art hvor det ikke foreligger vesentlige merknader fra overordnet myndighet eller andre berørte etter høringsrunde».

Kommunedirektøren vurderte i dette tilfellet ikkje saka som prinsipiell. Det låg ikkje føre vesentlege merknader frå overordna myndighet og kommunedirektøren vurderte ikkje merknadane som var kome inn som vesentlege.

Dispensasjonssaka har i ettertid blitt behandla politisk gjennom utval for teknikk, landbruk og miljø si behandling av klagesaka. Når utvalet gjorde vedtak om at «Vedtak i sak nr. 25/332 opprettholdes», har vedtaket i sak 25/332 blitt utval for teknikk, landbruk og miljø sitt vedtak.

Kommunedirektøren vurderer at vedtaket i både dispensasjonssaka (25/332) og klagesaka (PS 25/91) er gjort av organ med myndighet til å gjere slikt vedtak.

Dersom kommunestyret meiner at dispensasjonssaka ikkje burde ha vore behandla etter delegert fullmakt, kan kommunestyret gjere vedtak om endringar i delegasjonen, eller komme med presiseringar knytt til vurderinga av kva for tiltak som er av prinsipiell art.

3.3 Kontroll av saksbehandlingsreglar

Det skal ved lovlegheitskontroll takast stilling til om vedtaket har blitt til på lovleg måte, det vil sei om saksbehandlingsreglane er følgt.

I kravet om lovlegheitskontroll vert det stilt spørsmål om kommunen har brukt feil prosessform ved å behandle saka som ein dispensasjon framfor oppfølging av lovbrøt etter plan- og bygningslova kapittel 32.

I delegert vedtak av 17.10.2023 vart det gitt tillating til oppføring av overbygg til sagbruk på gnr. 41 bnr. 18. Vedtaket vart påklaga og seinare oppheva ved klagebehandling hjå Statsforvaltaren den 09.02.2024. Vedtaket vart oppheva fordi Statsforvaltaren vurderte at tiltaket kravde dispensasjon frå byggeforbodet langs vatn og vassdrag i kommunedelplan Sirdal sør.

Tiltakshavar tok kontakt med kommunen den 26.02.2024, etter mottak av Statsforvaltaren sitt vedtak. Kommunen gav ei orientering om vegen vidare der det vart opplyst at ein har to val: søke om dispensasjon, eller rive bygget. Det vart også opplyst at føresetnaden for ny behandling av byggesaka er at det ligg føre dispensasjon.

Vegleiiing med informasjon om behov for dispensasjon, behandlingsgebyr, søknadsskjema og krav til nabovarsling vart sendt til tiltakshavar den 28.02.2024.

I brev til tiltakshavar den 14.08.2024 vart det gitt frist til 01.09.2024 for å søke om dispensasjon og opplyst at kommunen vil følge opp saka og gi frist for fjerning av bygget dersom ein vel å ikkje søke om dispensasjon.

Den 05.11.2024 vart det sendt førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-2 og 5 med frist for uttale sett til 26.11.2024. I tilsvar mottatt 12.11.2024 vart det opplyst at bygget skulle fjernast innan 17.05.2025. I svar frå kommunen den 12.11.2024 vart det stilt krav om at bygget må vera rive og tomte rydda for bygningsavfall innan den 17.05.2025.

Kommunen mottok den 31.03.2025 brev frå tiltakshavar med opplysning om at det likevel vil bli søkt om dispensasjon for å kunne ha bygget ståande. Kommunen valgte med bakgrunn i dette å avvente vidare oppfølging etter plan- og bygningslova kapittel 32 inntil dispensasjonssaka er avklart.

Kommunen har – som gjennomgangen ovanfor syner – gjennomført oppfølging av lovbrøt etter plan- og bygningslova kapittel 32. Kommunedirektøren viser til at målet med oppfølging etter



kapittel 32 ikkje er å straffe den ansvarlege, men å avslutte det ulovlege tilhøvet. Verkemiddela skal difor ikkje vera meir omfattande enn det som er nødvendig for å oppnå rettinga. Dersom tiltaket ikkje allereie er avslått, er det i tråd med etablert praksis å gi tiltakshavar høve til å søkje om tillating. Søknaden skal då vurderast på vanleg måte, som om tiltaket ikkje er utført. Det skal korkje vera lettare eller vanskelegare å få godkjent ein søknad i ettertid.

Kommunen vil følge saka vidare opp etter plan- og bygningslova kapittel 32 dersom retting ikkje vert oppnådd gjennom dispensasjon og tillating etter plan- og bygningslova.

Dersom ei sak ikkje er tilstrekkeleg opplyst før det vert fatta vedtak kan dette vera eit brot på utgreiingsplikten etter forvaltningslova § 17 og dermed ein saksbehandlingsfeil. I kravet om lovlegheitskontroll vert det stilt spørsmål ved om utgreiingsplikten er oppfylt sidan det ikkje er stilt krav om fagkunnig vurdering knytt til flaum- og skred.

Kommunedirektøren har vurdert at saka var tilstrekkeleg opplyst med omsyn til flaum- og skredfare, jf. vurderingar under overskrift *3.1.11 Vurdering av fordeler og ulemper*.

Kommunedirektøren finn ikkje at det er brot på saksbehandlingsreglar knytt til kommunen sin behandling dispensasjonssaka (25/332) eller klagesaka (PS 25/91).

4. Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at vilkåra for å ta kravet om lovlegheitskontroll opp til behandling er oppfylt.

Kommunedirektøren vurderer at vedtaka i både dispensasjonssaka (25/332) og klagesaka (PS 25/91) har eit lovleg innhald, er fatta av nokon som har myndigheit til det og har blitt til på lovleg måte.

Kommunedirektøren anbefaler at ein opprettheld vedtaket i sak PS 25/91 og sender saka til Statsforvaltaren i Agder for lovlegheitskontroll.

Vedlegg

Til vurdering - lovlighetskontroll - Sirdal - dispensasjon - etablering av sagbruk - 50-metersbeltet

Begjæring om lovlighetskontroll - undertegnet

Begjæring om lovlighetskontroll- sak PS 25-91, dispensasjon i 50-metersbelte

Klagesak PS 25-91 - Dispensasjon fra kommunedelplan Sirdal sør - Marianne Sinnes Hana

Delegert vedtak 25-332 - Dispensasjon fra kommunedelplan Sirdal sør - Marianne Sinnes Hana

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør

Sven Magne Ousdal
Virksomhetsleder for arealforvaltning